



Linda Eriksen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2223 - 16/17015

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

06.09.2016

Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr gbnr 22/213 snr 8

Administrativt vedtak. Saknr: 296/2016

Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 03.09.2016, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyret for husvære på eigedomen gbnr 22/213 snr 8, Mjåtveitmarka 10 D. Søknaden er grunngjeven med at husværet ikkje har ovn.

Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag, kan etter søknad, sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2016.

Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyr.

Administrasjonen har vurdert eigar av gbnr 22/213 snr. 8, sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2017 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar husvære på gbnr 22/213, snr. 8, i samsvar med søknad dagsett 03.09.2016. Dersom eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.»

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland v/Trond
Smørdal

Mottakere:

Linda Eriksen